

## Sogndal eldreråd og Rådet for funksjonshemma

Sogndal formannskap  
v/ordfører Jarle Aarvoll  
6851 Sogndal

### STØTTEKONTAKTORDNINGA VED SOS / ØKONOMIPLAN 2012 - 2015

Viser til fellesmøte med ordfører og rådmann 25.11.2011, om budsjett/økonomiplan 2012-2015.

Framlegget til budsjett/økonomiplan 2012-2015 inneheld m.a. årleg kutt til støttekontaktordninga ved SOS på kr. 450.000,- i 2012 og kr. 606.000,- årleg i 2013-2015. Dette betyr at noverande ordning for dei som bur på SOS fell heilt bort. Støttekontaktordninga er styrd av sosialtenesta, og dette kuttet vil heilt klart redusera livskvaliteten monaleg for dei som misser denne tenesta. Tilsvarende gjeld avvikling av treningsgrupper med kr. 100.000,- årleg.

Me vil og visa til skriva våre vedk. budsjettkutta førre år ved SOS, og sist vårt skriv av 11.10.2011 om utvidinga av SOS/sjukeheimen. Der bad me m.a. om alternative løysingar, eigen sak og folkemøte i god tid før politisk vedtak, jf.§3 i lova om kommunale eldreråd.

Tilslutt vil me minna alle om, at året 2012 er ”året for aktiv alderdom” i Europa.

Sogndal 30.11.2011

Rådet for funksjonshemma

Sogndal eldreråd

Alfred Brusegard  
-leiar-

Arne Bjelde  
-leiar- sign.